



Referat Styremøte – Mai 2023

Dato: 05.05.23

Tid: 18:00 - 20:00

Sted: Scandic Seilet, Molde

Deltok: Sivert Helland, Tove Hundseth, Bård Andreassen, Allan Nogva, Randulf Tverfjell, Astrid Nerhus Dale, Svein Dalen, Kurt Olav Sundsøy (vara for Reidar Strand),

Via teams: Turid Sættem Eggen, Ole Mathias Risvik, Beatrice Bjørkedal,

Fråfall: Christina Bjerknes

Frå administrasjonen: Monica Malmedal, Kristian Kallmyr Lerheim

Sak 38/05.23 Godkjenne innkalling

Vedtak:

Innkalling godkjent.

Sak 39/05.23 Godkjenning av referat fra styremøte 04.04.23

Referat fra styremøte 04.04.23 leggest fram for godkjenning av styret.

Vedtak:

Referatet godkjent.

Sak 40/05.23 Saker til Landsmøtet 2024

Det er framleis ei stund til Landsmøtet i 2024, men månadane går fort, og vi bør allereie no begynne å jobbe med aktuelle saker. Dette både med tanke på resultatet av forrige Landsmøte, men også saker som kan vere aktuelle i nyare tid. Nokre saker er aktuelle å samkøyre med andre regionslag eller å sende inn til Forbundsstyret for vidare utgreiing. Styret oppfordrast til å komme med forslag til saker som bør arbeidast med.

Aktuelle saker som vart lufta i møtet:

- Vedtektsendringer:
 - Årsmøte lokalforeining – val av utsending til regionslagsårsmøte
 - Dato/fristar for gjennomføring av årsmøter må endrast, slik at lokalforeiningane gjennomfører sine årsmøte før regionslaget.
 - Kontingentsatsar (kronologisk rekkefølge i fastsetting av kontingent, slik at dei enkelte nivå har reell påverking)
- Kven kan møte på RS på vegne av regionslagene? Ved fråfall frå regionsleder må regionslaget sjølv få utpeike vara.
- Kutt av midlar til satsingsområder (ungdomskonferansen)
- Verving (halvering av vervepremiar) – først til forbundsstyre?
- NJFF-butikken (mangelfullt utval, kvalitet). Generelt om profileringsartikler
- Krav om innføring av opplæring (eLæring) ved fiske etter anadrome arter (krav for å løyse fiskeravgift)

Saker som vi ønsker å legge fram for LM bør diskuterast med andre RL, for på forhånd få større til-/oppslutning, og erfaringane tilseier at det førebuingar til innlegg/saksframlegging må vektleggast endå meir.



Vedtak:

Regionsekretær sender mail til kontaktpersonar i lokalforeiningane for å minne dei på komande Landsmøtet i 2024 og at det er ønskeleg å få tilsendt aktuelle saker som bør takast opp der i god tid for å få forberedt dei grundig.

Sak 41/05.23 Fylkeskulturkonferansen 24.-25.mai i Molde

Tema for årets fylkeskulturkonferanse er lokal og regional kulturpolitikk. Kvifor skal vi ha ein kulturpolitikk? Korleis utviklar vi kulturpolitikk? Korleis påverkar ekspertane sitt inntog i offentleg politikktutforming rammene for god og demokratisk styring? Dette er nokre sentrale spørsmål i årets konferanse.

Konferansen legg det utvida kulturomgrepet til grunn, og det vil mellom anna vere parallelle sesjonar som tek opp idrett, friluftsliv, folkehelse, kunst- og kulturtilbod til barn og unge.

Temaet er valt fordi 2023 er valår, det kjem nye nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging og alle i kommunal sektor skal utarbeide ein ny planstrategi.

Konferansen er strukturert rundt hovudtema, med innlegg og rom for dialog på scena mellom sentrale aktørar i kulturfeltet. Konferansen går over to dagar, og det er lagt opp til parallelle sesjonar der møtedeltakarane sjølv kan velje kva dei deltek på etter eigen interesse. Det er eit mål at hovudtema skal ha betydning for innretting og diskusjon i dei parallelle sesjonane.

Konferansen er gratis, men middag og overnatting må eventuelt betalast sjølv. Styret bes ta stilling til kven som skal/bør delta, om nokon. Program vedlagt.

Vedtak:

Styret vedtok at Kristian Kallmyr Lerheim deltar på vegne av NJFF M&R og regionslaget dekker kostnadene ved deltagelsen.

Sak 42/05.23 Profileringsklær til nye tillitsvalte/instruktørar

Regionslaget gjekk tidlegare til innkjøp av profileringsklær til tillitsvalte og instruktørar. Dette bestod av ei ytterjakke, ei finskjorte og ei piqueskjorte der kvar enkelt betalte ein eigenandel på 500kr. Denne pakken var meint som å gi god reklame når vi er ute i felt, samstundes som vi ser staselege ut ved finare anledningar som årsmøter, seminar etc.

Styret må ta til vurdering om det er ønskeleg å tilby denne pakken til dei nye instruktørane og tillitsvalte, og kven som skal ha ansvar for å samle inn bestillingar, størrelsar, type jakke etc.

Vedtak:

Styret ønsker at alle nye tillitsvalgte og instruktørar skal få tilbod om profileringsklær, der ein sjølv kan velge om ein berre vil få finskjorte og piqueskjorte eller betale 500kr i eigenandel for også å få ytterjakke. Størrelsar og modellnamn vert sendt til Regionsekretær i første omgang.

Sak 43/2023: Eventuelt



Fornyning av avtale om jaktterrenget på Frei

Vedtak:

Saken kommer opp i et eige teams-styremøte. Dato fastsett til 15. mai kl. 19:00.

Muntlige orienteringer:

- A. Villakskonferansen v/leder fiskeutvalg
- B. Sentrale kvinnekongressen v/Nestleder
- C. Gaupesporing v/Friluftsveileder

Utsatt til neste styremøte

- a) Prosessvarselet fra RS/Negotia til NJFF v/Regionsekretær
- b) RS-samling og RLK i Asker v/Regionsekretær
- c) Droneprosjektet
- d) Fornyning av avtale om jaktterrenget på Frei

Møtet slutt kl 20:00
Bård Andreassen
Referent